

Behandling av lepra i 1800-talets Bergen

Bjarne Thune

e-post: bjarnethune@gmail.com

Frå midten av 1800-talet hadde Bergen ikkje mindre enn tre leprainstitusjonar og faktisk den største konsentrasjon av leprapasientar i Europa.

St. Jørgens Hospital hadde vore der sidan tidleg på 1400-talet.

To nye leprainstitusjonar var komne til, *Lungegaardshospitalet* etablert i 1849 som forskningssjukehus og *Pleiestiftelsen for Spedalske no.1* i 1857, helst for ulækjeleg sjuke som måtte rekna med å bli resten av livet på institusjon.

I boka si "Om Spedalskhed" frå 1847, skriv *Overlæge ved Hospitalerne for Spedalske i Bergen, Daniel Cornelius Danielssen* og *Lector i Medisin ved Universitetet i Christiania, Carl Wilhelm Boeck* om kva diett og behandling som kunne tilbydast ein nykomen leprapasient.

Den største autoriteten på dette området var nok *Gottfried Wilhelm Schilling* (1725 – 1799).

Han var fødd i den tyske delstaten Brandenburg og byrja si medisinske karriere som skipslege, mønstra av i Surinam og arbeidde som lege der i 15 år.

Han vende heimatt til Europa og kom i 1769 i Utrech i dagens Nederland, med ei avhandling knytt til leprasjukdommen.

Her gjer han greie for symptom, sjukdomsutvikling og –variasjonar og kjem med diverse forslag til behandling, mellom anna gjer han forsøk med bruk av elektrisk ål.

Danielssen og Boeck hadde nok granska avhandlinga til Schilling med største interesse, og ho dannar grunnlaget for deira behandlingforslag.

Desse behandlingforslaga omfattar bruk av ein god del av medisinplantene vi kjenner att i dagens urtehage på St. Jørgens Hospital.

I dette foredraget vil eg fokusera på forslaga til medisinsk bruk av desse plantene og kva effekt dei kunne ha på ein leprapasient.